



TIL HORDALAND FYLKESKOMMUNE V/ FYLKESTINGET.

ÅRSREKNESKAPEN 2018 FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.

Kontrollutvalet har i møte 7.5.2019 handsama Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2018.

Representantar frå administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål.

Av rekneskapen for 2018 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 90,1 mill dvs. netto resultatgrad på 0,96 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Hordaland fylkeskommune har det lågaste netto driftsresultat i landet. Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 3,8 % i 2018. Kontrollutvalet har og merka seg at i 10 av dei siste 11 driftsåra er netto driftsresultat i Hordaland lågare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet oppjustert til 4,0 %.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning. Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Hordaland fylkeskommune har ei lånegjeld tilsvarende 109,4 % av sum driftsinntekter, altså monaleg høgare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Samstundes er det ein liten nedgang i høve 2017 då talet var 113,4 %. Talet auka frå 2014, då det var 96 %, 2015, då det var 101,6 % og 2016 då det var 109,2 %. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 3,64 % av driftsinntektene. Dette er ein oppgåing frå 2,31 % i 2016 og 2,48 % i 2017. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Hordaland fylkeskommune særleg høg lånegjeld, relativt svakt driftsresultat for 2018 og eit disposisjonsfond som også er noko lågare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen.

Kontrollutvalet merkar seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:

«2018 har vore eit nytt år prega av endring og omstilling for Hordaland fylkeskommune. Samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommune krev fokus og ressursar, samstundes som den daglege drifta av eigen organisasjon skal ivaretakast. Dette er ein krevjande balansegang, som særleg merkast i fylkesadministrasjonen. Positivt rekneskapsresultat, ytterlegare redusert sjukefråvær og høg jobbtrivsel vitnar difor om ein robust organisasjon med god endringskapasitet.

Stram og god økonomistyring gjorde at rekneskapen for 2018 vart avslutta med eit overskot på 20,8 mill. kr. I tillegg er det sett av 23 mill. kr på fond innan opplæringssektoren til bruk i komande år. Driftsutgiftene i sektorane viser godt samsvar med tildelte budsjett. Som følgje av opptrapping av avdragsbetalinga auka lånegjelda berre moderat og gjeldsgraden gjekk ned i 2018.

Sjølvs med eit positivt rekneskapsresultat har fylkeskommunen likevel ein krevjande økonomisk situasjon. Netto driftsresultat var på knapt ein prosent, som er ei halvering frå 2017 og klart under den tilrådde norma på fire prosent. Høg lånegjeld og auka kostnader med nye, miljøvenlege ferjer og bussar frå 2019-2020, vil føre til sterk auke i både drifts- og investeringskostnadene dei komande åra. Knappe økonomiske rammer gjer difor at vi må prioritere endå tydelegare framover. Målet er å halde fram med å levere gode tenester til innbyggjarane våre også i åra som kjem.

Veksten i passasjeretalet innan samferdselsektoren heldt fram i 2018. Talet på påstigingar i kollektivtrafikken i Hordaland auka med vel fire prosent til 73 millionar. Den største veksten gjeld Bybanen, som auka med heile 18 prosent, men også buss og båt kan notere ein fin auke. Dette viser at den sterke kollektivsatsinga som fylkeskommunen har lagt til rette for gjennom fleire år, gjev resultat.

Å få fleire til å reise kollektivt er óg eit viktig miljøtiltak. Dei neste åra tek fylkeskommunen ytterlegare krafttak for klima og miljø både gjennom vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen og ved at nye miljøvenlege ferjer og bussar vert sette i drift. Det grøne skiftet er sterkt ønskt og etterspurt, men er likevel ikkje gratis. Overgangen inneber eit stort økonomisk press på både drifts- og investeringsbudsjetta. Hordaland fylkeskommune ventar difor at staten vil støtte ytterlegare opp om denne viktige satsinga.»

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneleoven § 48 nr. 5 der m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll (internkontroll)», «etikk», «likestilling» og «diskriminering» skal omtalast. Kontrollutvalet registrerer at dette er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2018.

Kontrollutvalet tilrår at fylkeskommunen prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2018 nr. 21, frå Deloitte. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane i fylkeskommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for vesentlege feil i rekneskapsrapporteringa.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til fylkeskommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Dessutan samanhengen mellom netto driftsresultat, langsiktig lånegjeld og ubunde disposisjonsfond. Uttalen skal sendast til fylkestinget, med kopi til fylkesutvalet.

Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet er uroa over at fylkeskommunen si lånegjeld framleis er stor og utgjer ved utgangen av 2018 109,4 % av fylkeskommunen sine årlege driftsinntekter.
2. Sjølv om det er ein liten nedgang i lånegjelda i høve 2017, då talet var 113,4 %, meiner kontrollutvalet at denne utviklinga ikkje kan halda fram og ser derfor positivt på at ein framleis har trappa opp innbetalinga av avdrag for å bremsa gjeldsveksten. Kontrollutvalet er samde med konst. fylkesrådmann at dette ikkje er ei bærekraftig utvikling.
3. Kontrollutvalet er og uroa over at netto driftsresultat i 2018 vart på 0,96 % medan måttalet for fylkeskommunane bør vera på minst 4 %. Kontrollutvalet har og merka seg at i 10 av dei siste 11 driftsåra er netto driftsresultat i Hordaland lågare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane.
4. Kontrollutvalet har vidare merka seg at administrasjonen har sett i verk fleire prosessar som truleg vil bidra positivt, men kontrollutvalet vil samstundes understreka konst. fylkesrådmann si vurdering om at det i tida framover må prioriterast endå tydelegare.
5. Kontrollutvalet oppmoder fylkeskommunen om å prioritere forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport 2018 nr. 21, frå Deloitte

Ut over det som er nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka samt revisjonsmeldinga av 15.04.2019 og revisjonsrapport 2018, nr. 21, dagsett 15.04.2019, har kontrollutvalet ikkje merknader til Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2018.

Bergen, 7.5.2019

Inge Reidar Kallevåg
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Hordaland fylkeskommune, fylkesutvalet